

Dag og tid 14.01.2011

Jarnbane og ski-trehopping

Leiaren i DT 7. januar tok opp korleis toget meir og meir taper i konkurransen med andre transportmiddel. Redaktør Gjerdåker går inn for større løyvingar til jarnbane og nye finansieringsmåtar. Der stør eg han. Men så skurrar det: Gjerdåker meiner ”Eit problem for jernbaneplanlegginga i dag er ... for store visjonar frå visse miljø – som høgfartsbanar” mellom dei største byane.

Dette trur eg er ei grunnleggjande mistyding. Skal vi få jarnbane til å løne seg på langdistanse, så er det viktigare å skaffe store inntekter enn å halde investeringskostnadene nede. Derfor må satsinga gjerast på same måten som i skitrehopping. Det er ein vinteridrett som går ut på å hoppe på ski opp i tre, helst halvstore bjørker. Poenget er å koma så høgt opp i treet som råd og klare å bli ståande der. (Sjå <http://skitrehopping.net/>) Kva har dette med jarnbaneinvestering å gjera? Jo, i skitrehopping går det ikkje an å fisle; dét endar med fiasko eller tragedie. Du må ha fart nok, og du må kline til på hoppet, for du er heilt avhengig av å koma *opp* i treet. Der landar du mjukt og fint, behageleg dempa av trekrona og fjøringa i trestammen under deg. Då kan du avslutte adrenalinbadet, sole deg i suksessen, og gle deg til neste hopp, kanskje i eit større tre. Men fislar du i ovarennet eller på hoppet, så skallar du rett i trestammen og slår deg forderva, og lurar på korleis du kunne bli med på noko så idiotisk.

Slik er det med bygging av langdistansejarnbane òg: Vi må fleske til, elles er det best å la vera. Alt kjem an på at vi klarer å utkonkurrere flyet. Reisetida må bli så kort at dei bissnissreisande vel tog i staden for fly. Då må togreisetida mellom dei store byane ned i 2 ½ time, og det går fint an. Som kjent blir flyrutene no nedlagde mellom fleire og fleire av dei store byane på kontinentet, fordi passasjerane heller reiser med lyntog. Det er dét vi må få til. Då har vi rikeleg passasjergrunnlag, prosjekta tener seg inn på nokre tiår og gjev overskot til nye investeringar, og alle kjem til å rose den kloke og framsynte satsinga. Fislar vi derimot over hoppet, og satsar på *litt* raskare fjerntog, så kostar dét òg fleire titals milliardar, men toget blir verande ein reisemåte for spesielt interesserte og eit varig pengesluk. Det er å skalle i trestammen.

Eldar Heide
Bergen

Jarnbane og ski-trehopping

Dag og tid
14.1. 2011

TRANSPORT

ELDAR HEIDE

BERGEN

Leiaren i Dag og Tid 7. januar tok opp korleis toget meir og meir taper i konkurransen med andre transportmiddel. Redaktør Gjerdåker går inn for større løyvingar til jarnbane og nye finansieringsmåtar. Der støt eg han. Men så skurrar det: Gjerdåker meiner «Eit problem for jernbaneplanlegginga i dag er [...] for store visjonar frå visse miljø – som høgfartsbanar» mellom dei største byane.

Dette trur eg er ei grunnleggjande mistyding. Skal vi få jarnbane til å løne seg på langdistanse, så er det viktigare å skaffe store inntekter enn å halde investeringskostnadene nede. Derfor må satsinga gjerast på same måten som i skitrehopping. Det er ein vinteridrett som går ut på å hoppe på ski opp i tre, helst halvstore bjørker. Poenget er å koma så høgt opp i treet som råd og klare å bli ståande der (sjå <http://skitrehopping.net>). Kva har dette med jarnbaneinvestering å gjera? Jo, i skitrehopping går det ikkje an å fisle; dét endar med fiasko eller tragedie. Du må ha fart nok, og du må kline til på hoppet, for du er heilt avhengig av å koma *opp* i treet. Der lan-

dar du mjukt og fint, behagelig dempa av trekrona og fjøringa i trestammen under deg. Då kan du avslutte adrenalinbadet, sole deg i suksessen og gle deg til neste hopp, kanskje i eit større tre. Men fislar du i ovarennet eller på hoppet, så skallar du rett i trestammen og slår deg forderva, og lurar på korleis du kunne bli med på noko så idiotisk.

Slik er det med bygging av langdistansejarnbane òg: Vi må fleske til, elles er det best å la vera. Alt kjem an på at vi klarer å utkonkurrere flyet. Reisetida må bli så kort at dei bisssnisreisande vel tog i staden for fly. Då må togreisetida mellom dei store byane ned i to og ein halv time, og det går fint an. Som kjent blir flyrutene no nedlagde mellom fleire og fleire av dei store byane på kontinentet, fordi passasjerane heller reiser med lyntog. Det er dét vi må få til. Då har vi rikeleg passasjergrunnlag, prosjekta tener seg inn på nokre tiår og gjev overskot til nye investeringar, og alle kjem til å rose den kloke og framsynte satsinga. Fislar vi derimot over hoppet, og satsar på *litt* raskare fjerntog, så kostar dét òg fleire titals milliardar, men toget blir verande ein reisemåte for spesielt interesserte og eit varig pengesluk. Det er å skalle i trestammen.



SATSING: Artikkelforfattaren demonstrerer korleis det kan gjerast.